


NOKUTs tilsynsrapporter

Læring og undervisning

Mastergradsstudium ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

Oktober 2012



Institusjon:	Høgskulen i Sogn og Fjordane
Studietilbod:	Læring og undervisning
Grad/Studiepoeng:	Mastergradsstudium, 120 studiepoeng
Dato for vedtak:	10. oktober 2012
Sakkunnige:	1 Lektor Tina Bering Keiding, Aarhus universitet
	2 Professor Knut Steinar Engelsen, Høgskolen Stord/Haugesund
Saksnummer:	12/248

Forord

NOKUT sitt tilsyn med norsk høgre utdanning omfattar evaluering av institusjonane sine interne system for kvalitetssikring av studium, akkreditering av nye, og tilsyn med etablerte studium. Universitet og høgskular har ulike fullmakter til å opprette studietilbod. Dersom ein institusjon ønskjer å opprette eit studietilbod utanfor sitt fullmaktsområde, må han søke NOKUT om dette.

Med dette vert rapport om akkreditering av mastergradsstudium i læring og undervisning ved Høgskulen i Sogn og Fjordane lagt fram. Vurderinga som er nedfelt i tilsynsrapporten, er satt i gang på bakgrunn av søknad frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. Denne rapporten visar den omfattande vurderinga som er gjort for å sikre utdanningskvaliteten i det planlagde studiet.

Mastergradsstudiet i læring og undervisning ved Høgskulen i Sogn og Fjordane tilfredsstillar NOKUT sine krav til utdanningskvalitet og er akkreditert i vedtak av 10. oktober 2012.

Vedtaket er ikkje tidsavgrensa. NOKUT vil likevel følgje opp studietilbodet gjennom eit tilsyn etter tre år.

Oslo, 10. oktober 2012



Terje Mørland
direktør

Alle NOKUT sine vurderingar er offentlege og denne samt tilsvarande tilsynsrapporter vil vere elektronisk tilgjengelege på nettsidene våre: www.nokut.no/NOKUTs-publikasjoner

Innhold

1	Informasjon om søkerinstitusjon	1
2	Beskriving av saksgang.....	1
3	Innleiande vurdering	2
4	Fagleg vurdering	2
4.1	Grunnleggande føresetnader for akkreditering.....	3
4.2	Plan for studiet.....	6
4.3	Fagmiljø knytt til studiet.....	13
4.4	Støttefunksjonar og infrastruktur.....	16
5	Institusjonens kommentar.....	18
6	Sakkunnig tilleggsvurdering.....	22
7	Vedtak	31
8	Dokumentasjon	31

1 Informasjon om søkjarinstitusjon

Høgskulen i Sogn og Fjordane er lokalisert i Sogndal og Førde. Høgskulen har eit breitt fagleg spekter og til saman bortimot tre tusen studentar og tre hundre tilsette.

Høgskulen er fagleg organisert i fire avdelingar frå 1. august 2011: Avdeling for helsefag, avdeling for ingeniør- og naturfag, avdeling for lærarutdanning og idrett, og avdeling for samfunnsfag. Høgskulen tilbyr studiar innan fagområda lærarutdanning og språk, fornybar energi, geologi, landskap, ingeniørfag, idrett og friluftsliv, juss, samfunnsfag, historie og sosiologi, helse- og sosialfag, økonomi, leiing og reiseliv.

Som akkreditert høgskule, har ikkje Høgskulen i Sogn og Fjordane sjølvakkrediteringsfullmakt for studium i andre syklus. Sidan opprettinga av NOKUT har høgskulen fått følgjande studium akkreditert:

- Landskapsplanlegging, 60 studiepoeng (2008). Norsk del av internasjonal felles mastergrad (120 studiepoeng) mellom Københavns universitet, Sveriges lantbruksuniversitet og Høgskulen i Sogn og Fjordane.
- Samhandling innen helse og sosialtjenester, 120 studiepoeng (2012). Deltidsstudium over tre år.

Høgskulens interne system for kvalitetssikring blei godkjend i 2008.

Høgskulen i Sogn og Fjordane søkte til søknadsfristen 15. mars 2012 om akkreditering av mastergradsstudium i læring og undervisning, 120 studiepoeng.

2 Beskriving av saksgang

NOKUT gjer ei innleiande vurdering for å avklare om grunnleggjande føresetnader for akkreditering, slik de er gitt i NOKUT si tilsynsforskrift¹, er tilfredsstillande. For søknadar som går vidare, nemner NOKUT opp sakkunnige til fagleg vurdering av søknaden. Dei sakkunnige må erklære seg habile og at dei utfører oppdraget i samsvar med mandat for sakkunnig vurdering vedtatt av NOKUT sitt styre, og krav til utdanningskvalitet slik dei er fastsett i tilsynsforskrifta.

Etter den faglege vurderinga skal dei sakkunnige konkludere med eit tydeleg ja eller nei på om utdanningskvaliteten samsvarer med krava i tilsynsforskrifta. Dei sakkunnige blir også bedne om å gi råd om vidare utvikling av studiet. Alle kriteria må vere tilfredsstillande imøtekomne for at NOKUT skal vedta akkreditering.

Dersom eit eller fleire av kriteria blir underkjent av dei sakkunnige, vert den faglige vurderinga sendt til søkjarinstitusjonen som får tre veker til å kommentere ho. NOKUT avgjer deretter om institusjonens kommentarar skal sendast dei sakkunnige for tilleggsvurdering. Dei sakkunnige får to veker på å gi ei tilleggsvurdering. NOKUTs direktør gjer deretter vedtak.

¹ <http://www.lovddata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf-20110127-0297.html>

Om denne rapporten

Vi gjør oppmerksom på at NOKUT sine tilsynsrapporter viser ein kronologisk saksgang. Vår metode inneberer som skildra ovanfor eit høve for at komiteen endrar si konklusjon i løpet av vurderingsprosessen. Det er tilfelle i denne rapporten. Sluttkonklusjon finst i del 6.

3 Innleiande vurdering

Tilsynsforskriften § 4-1 Grunnleggende forutsetninger for akkreditering

1. Følgende krav i lov om universiteter og høyskoler skal vurderes for akkreditering²:

- a. Reglement og styringsordning
- b. Klagenemnd
- c. Læringsmiljøutvalg
- d. Utdanningsplan
- e. Vitnemål og Diploma Supplement
- f. Kvalitetssikringssystem

NOKUT si vurdering:

Oversikten i denne paragrafen er gitt for å gjere det tydeleg og føreseieleg kva for føresegner i UH-lova NOKUT fører tilsyn med. Høgskulen i Sogn og Fjordane tilbyr akkrediterte studium. NOKUT går derfor ut frå at krav i lov om universiteter og høgskular er tilfredsstillande ivaretekne. Diploma Supplement er vurdert som tilfredsstillande. Høgskulens interne system for kvalitetssikring blei godkjend i 2008.

4 Fagleg vurdering

Den følgjande teksten i dette kapittel er dei sakkunnige si vurdering. Der det står “Vi”, er det eit uttrykk for dei sakkunnige. Nummereringa på kvar overskrift visar til tilsvarande føresegn i NOKUT si tilsynsforskrift.

Oppsummering

Søknaden om akkreditering av mastergradsstudium i læring og undervisning (120 studiepoeng) frå Høgskulen i Sogn og Fjordane er ein interessant søknad frå eit godt fagmiljø som har erfaring frå liknande studiar. Etter ei samla vurdering finn vi at søknaden ikkje kan anbefalast for akkreditering slik han er no. Vi meiner at høgskulen må utdjupe og grunngi noko meir når det gjeld studentrekruttering, operasjonalisering av det forskingsbaserte perspektivet, samheng mellom forventa læringsutbyte og val av undervisnings-, arbeids og vurderingsformer og vidare korleis

² Der det refererast til NOKUT si tilsynsforskrift vil vi nytta bokmål da det er i denne målforma forskrifta er utarbeida.

praksisopplæringa kan rettast inn mot masterstudiet. I tillegg bør høgskulen vise korleis ein har tenkt å operasjonalisere koplinga mellom den studentretta aktiviteten og forkinga i fagmiljøet.

Slik vi ser det, vil retting av manglane vi påpeiker kunne gjennomførast i løpet av tilsvarsfristen på tre veker, utan at det krev større økonomiske investeringar.

Konklusjon:

Nei, høgskulen si utgreiing er ikkje tilfredsstillande.

4.1 Grunnleggande føresetnader for akkreditering

§ 4.1.1 Krav i lov om universiteter og høgskular

Disse krav er vurdert av NOKUT i den innleiande vurderinga.

§ 4-1 2. Krav i rammeplaner og aktuelle forskrifter fra Kunnskapsdepartementet skal være fylt.

Vurdering

Det aktuelle masterstudiet vert omtala som ei 120 studiepoengs integrert yrkesretta utdanning (jfr FOR 2005-12-01 §3 – disiplinbasert mastergrad) der kandidatane etter fullført utdanning får tildelt mastergrad i læring og undervisning. Primær målgruppe for studiet er både ferdigutdanna lærarar og grunnskulelærarstudentar som ønskjer å gå direkte over til masterstudiet etter dei tre første åra av grunnskulelærarutdanningane (grunnskulelærar 1-7 og grunnskulelærar 5-10).

Høgskulen ønskjer også å kunne ta opp studentar med fullført praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) i tillegg til treårig allmennfagleg universitets- eller høgskuleutdanning. Desse studentane kan tas opp etter dei generelle krava i mastergradsforskriften § 3. Vi gjer merksam på at høgskulen ikkje tilbyr eit integrert femårig løp. Av denne grunn er det ikkje aktuelt å nytte Rammeplan for PPU punkt 2.2.

Konklusjon

Nei, høgskulen si utgreiing er ikkje tilfredsstillande.

- Studiet kan ikkje rekruttere studentar med utgangspunkt i Rammeplanen for PPU, pkt. 2.2 da institusjonen ikkje tilbyr eit integrert femårig løp. Dette må takast ut av planen.

§ 4-1 3. Det skal redegjøres for forventet studentrekruttering i forhold til å etablere og opprettholde et tilfredsstillende læringsmiljø og i forhold til stabilitet i studiet.

Vurdering

I studieplanen vert det vist til at HiSF samarbeider med Universitetet i Bergen om eit tilsvarande masterstudium i læring og undervisning med eit årleg opptak på 18-20 studentar. I søknaden seier institusjonen at dei forventar eit årleg opptak på 20-25 studentar til det nye studiet, med 15 heiltidsekvivalentar. Det er likevel noko uklart korleis desse to utdanningane skal sjåast i samanheng, og det vert ikkje gjort tilfredsstillande greie for korleis ein vil unngå at den nye utdanninga øydelegg for rekrutteringa til det eksisterande masterstudiet og/eller andre tilsvarande utdanningar i regionen. Det må også gjerast greie for om samarbeidet med UiB skal vidareførast.

Konklusjon

Nei, høgskulen si utgreiing er ikkje tilfredsstillande.

- Høgskulen må klargjere forholdet til den eksisterande masterutdanninga i undervisning og læring. Dei må også gjere greie for i kva grad desse utdanningane konkurrerer om studentgrunnlaget, og vidare at det er eit reelt behov for denne utdanninga i regionen.

§ 4-1 4. Det skal redegjøres for forventet arbeidsomfang for studentene.

Vurdering

Institusjonen skisserer opp forventa arbeidsomfang for undervisning og ulike typar studentaktivitet elles, i samsvar med HiSF si interne forskrift om opptak, studium og eksamen, 3 pkt 3.2.2. Det er her godgjort at eit studieår for ein fulltidsstudent er berekna til 1692 timar + 75 timar praksis for dei studentane som bygger masterstudiet direkte på ei GLU-utdanning.

Konklusjon

Ja, høgskulen si utgreiing er tilfredsstillande.

§ 4-1 5. Der deler av studiet foregår utenfor den institusjonen som utsteder vitnemål, skal det foreligge tilfredsstillende avtaler som regulerer vesentlige forhold av betydning for studentene.

Vurdering

I søknaden vert det vist til to eksempel på avtaler om praksisopplæring med aktuelle praksisinstitusjonar. Spesielt avsnitt 2 og 3 i desse avtalene viser at institusjonen i forhold til GLU har gjort eit grundig og strukturert arbeid for å skape gode rammer for praksisopplæringa. Det er også i søknaden vist korleis ein teknisk vil dekke praksiskravet for GLU-studentane. Det er likevel uklart korleis praksisopplæringa er tilpassa masterutdanninga. Viktige spørsmål å avklare er:

- Korleis skil praksisopplæringa for masterstudentane seg frå GLU-studentane si praksisopplæring?
- Skal det leggest inn føresetnader om eksperimenterande og forskingsbaserte tilnærmingar?
- Korleis skal erfaringar frå praksis trekkast inn i den meir teoretiske delen av undervisninga?

Klargjering av desse spørsmåla er viktig for å kunne vise korleis utdanninga skal bidra til kvalitet i samspelet mellom utdanning og yrke, eit samspel som verkar begge vegar; frå utdanning til yrke og frå yrke til utdanning.

Konklusjon

Nei, høgskulen si utgreiing er ikkje tilfredsstillande.

- Høgskulen må klargjere korleis ein vil legge opp innhaldet i praksisopplæringa slik at ein sikrar relevans til masterutdanninga og eit godt og utviklingsorientert samspel mellom denne og teoridelen i utdanninga. Høgskulen må nedfelle/tydeliggjere dette i praksisavtalane med institusjonane.

Samla konklusjon for § 4-1, Grunnleggande føresetnader for akkreditering

Søknaden er ikkje i samsvar med gjeldande krav i tilsynsforskrifta når det gjeld følgjande punkt:

- Høgskulen må klargjere forholdet til den eksisterande masterutdanninga i undervisning og læring og gjere greie for i kva grad desse utdanningane konkurrerer om studentgrunnlaget, og vidare at det er eit reelt behov for denne utdanninga i regionen.
- Høgskulen må klargjere korleis ein vil legge opp innhaldet praksisopplæringa slik at ein sikrar relevans til masterutdanninga og eit godt og utviklingsorientert samspel mellom denne og teoridelen i utdanninga. Høgskulen må nedfelle og tydeleggjere dette i praksisavtalane med institusjonane.

Kvaliteten er elles i samsvar med forventa nivå i høve til gjeldande krav i tilsynsforskrifta.

4.2 Plan for studiet

§ 4-2 1. Studiet skal ha et dekkende navn.

Vurdering

Namnet er kort og klart, men antyder ei meir generell utdanning enn innhaldet strengt tatt tilseier, sidan studieplanen berre omfattar faga norsk, matematikk og kroppsøving i tillegg til det allmenndidaktiske. Den nære tilknytninga til GLU-utdanningane og den eksisterande masterutdanninga i undervisning og læring tilseier likevel at namnet er tilstrekkeleg dekkande.

Konklusjon

Ja, namnet på utdanninga er dekkande. Samstundes ber vi institusjonen å vurdere eit namn som ligg noko nærare innhaldet i planen for studiet, som i stor grad gjeld didaktikk. Eitt forslag kan vere Master i grunnskoleidaktikk.

§ 4-2 2. Studiet skal beskrives med utgangspunkt i læringsutbyttebeskrivelsen.

- a. **Læringsutbyttet skal være beskrevet som det en kandidat skal ha oppnådd ved fullført utdanning i form av kunnskaper, ferdigheter og generell kompetanse i samsvar med nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.**

Læringsutbytte for studiet er skildra i søknaden (s. 9 og 10):

Etter fullført studium skal kandidaten

Kunnskap

- *Ha inngående kunnskap om vitenskaplege teoriar og metodar i det pedagogiske fagfeltet*
- *Kunne analysere problemstillingar rundt læring og undervisning med utgangspunkt i historie, tradisjonar og eigenart for dei faga studenten skal undervise i og desse faga sin plass i samfunnet*
- *Kunne nytte fagkunnskapen på nye tema og på nye undervisningsområde*

Ferdigheiter

- *Meistre å kople undervisningsfaga i læreplanen med tilhøyrande fagdisiplin, og kunne arbeide sjølvstendig med praktisk og teoretisk problemløysing for å kunne gje god opplæring*
- *Kunne analysere og forholde seg kritisk til ulike informasjonskjelder og bruke slike kjelder til å strukturere og formulere faglege resonnement*
- *Gjennom å ha gjennomført ei masteroppgåve ha vist evne til å gjennomføre eit sjølvstendig, avgrensa forskings- og utviklingsprosjekt under rettleiing og i tråd med gjeldande forskningsetiske normer*

Generell kompetanse

- Kunne analysere relevante problemstillinger knytt til læring, undervisning, yrke og etikk
- Kunne formidle omfattende sjølvstendig arbeid og meistre arbeidsmåtar og uttrykksformer i skulen
- Kunne kommunisere om læring og undervisning innanfor fagområdet, både med spesialistar og til elevar, foreldre og folkevalde
- Kunne bidra til nytenking og innovasjon i skule og undervisning

Vurdering

Læringsutbyttebeskrivingane er overordna sett i samsvar med Kvalifikasjonsrammeverket sin måte å skildre læringsutbyttet på. Det er ein styrke her at læringsutbyttet er svært konkret og substansielt knytt opp mot utdanninga, og slik sett bidreg til å skissere ein klar og tydeleg profil for denne.

I søknaden vert det oppgitt som ei sentral grunngjeving for den nye utdanninga at framtidens lærarar vil ha behov for ei meir solid og forskingsbasert utdanning. Dette samsvarar godt med aktuelt lovverk og Kvalifikasjonsrammeverket, der det spesielt vert nemnt at kunnskap og ferdigheiter skal brukast på nye område og på avanserte oppgåver og prosjekt. Det betyr vidare at ei masterutdanning ikkje berre skal bidra til nytenking innan eiga undervisning, men også til å drive fram komplekse utviklingsprosjekt innafor det aktuelle området. Dette aspektet er ikkje godt nok ivareteke i søknaden. Vidare vil vi påpeike at læringsutbyttet når det gjeld dette aspektet og skildringane av undervisnings-, arbeids- og vurderingsformer er svært generelle og ikkje i tilstrekkeleg grad viser korleis det forskingsbaserte perspektivet er tenkt operasjonalisert i utdanninga og i utdanninga sitt møte med praksisfeltet. I dette ligg også at det ikkje er gjort tydeleg nok greie for det pedagogiske og faglege rasjonale for val av undervisnings-, arbeids- og vurderingsformer og korleis desse støttar opp under læringsutbyttet. Vi saknar spesielt læringsutbytte knytt til følgjande forhold:

- Kunnskap om empirisk og evidensbasert skuleforskning
- Kunnskap om kva det vil seie å arbeide forskingsbasert og ferdigheiter knytt til dette

Sjølv om ein i studieplanen skriv at masteren skal *bidra til nytenking og innovasjon i skule og undervisning* (vedlegg 3 s.2/26), er planen etter vår meining for lite ambisiøs på dette punktet og ikkje dekkande for Kvalifikasjonsrammeverkets mål for generelle kompetansar.

Læringsutbyttet for emna har elles ujamn kvalitet. Planane for Matematikk (X3), Norsk (X6) og for Masteroppgåva (X8) har gode skildringar med god samanheng med måla for utdanninga og dei overordna læringsutbytteformuleringane. I andre planar er denne samanhengen meir uklar:

- X1 (Læring i klasserommet) (s. 5): Forskingsbasert kunnskap vert ikkje nemnd. Her bør det bli lagt inn formuleringar som både seier noko om kandidatens kunnskap om forskning på området og om ferdigheter når det gjeld å kunne gjennomføre/delta i systematisk FoU-arbeid.
- X2 (Leing av pedagogisk verksemd) (s. 8): Læringsutbyttet fokuserer på ferdigheiter, og vi saknar beskrivingar av forskingsbasert kunnskap som grunnlag for å analysere praksisnære problemstilling.

- X4 (Undervisning, vurdering og læring i kroppsøving) (s. 13) og X5 (Læring i idrett, kroppsøving og friluftsliv) (s. 16): Saknar beskrivingar knytt til forskingsbasert kunnskap. Dette kan til dømes gjerast på same måte som i X3 (Matematikk).
- X7 (Vitskapsteori og metode) (s. 22): Læringsutbyttet fokuserer på kunnskap, men ikkje på ferdigheiter. Ein saknar vidare at det kritiske perspektivet vert løfta fram og at vitskapsteorien vert knytt opp mot det faglege og didaktiske innhaldet på ein tydelegare måte. Det handlar om å bruke ny forskning i undervisninga og samstundes lære studentane å vere undersøkjande, vitskaplege og kritiske i forhold til både praksis og faget. Dette skjer mellom anna ved å trekke studentane inn i FoU-arbeid.

Konklusjon

Nei, høgskulen si utgreiing er ikkje tilfredsstillande.

- Høgskulen må mellom anna gjennom læringsutbyttebeskrivingane og skildringane av arbeids- og undervisningsformer klargjere korleis ein vil operasjonalisere det forskingsbaserte perspektivet i utdanninga. Dette gjeld både på overordna nivå og på emnenivå.

b. Studiets relevans for arbeidsliv og/eller vidare studier skal være tydelig.

Vurdering

Relevansen for arbeidslivet kjem klart fram av søknaden, men det er i liten grad konkretisert korleis dette skal operasjonaliserast i utdanninga på ein måte som viser at utdanninga også har betydning for praksis (jfr pkt 4.1.5 og 4.2.2.a). Vi foreslår at ein under "Undervisnings- og læringsformer" på s. 3 legg inn ei setning som konkretiserer forholdet til skulekonteksten

Konklusjon

Ja, studiets relevans for arbeidsliv og/eller vidare studium er tydeleg.

Råd for vidare utvikling:

- Høgskulen bør klargjere korleis ein skal sikre samanhengen mellom praksis og teoridelen av studiet slik at teorien fargar praksis og praksis fargar teorien.

c. Studiets innhold og oppbygging skal tilfredsstillende relateres til læringsutbyttet slik det er beskrevet i planen.

Vurdering

Studiet er bygd opp på følgjande måte:

1. studieåret:
 - a. Obligatorisk: Læring i klasserommet (15 stp), Leing av pedagogisk verksemd (15 stp)
 - b. Sjølvvald: Enten Matematikk (30 st.p), Norsk (30 stp) eller Idrett/Kroppsøving (to modular på 15 stp)
2. studieåret:
 - a. Obligatorisk: vitskapsteori og metode (15 st.p), masteroppgåve (45 st.p)

Det er lagt opp til at studentane enten kan ta utdanninga på heiltid (to år) eller på deltid (tre år). Studiets innhald og oppbygging er i hovudsak tilfredsstillande relatert til læringsutbytte, men kurset i *Vitskapsteori og metode* må tilførast læringsutbyttebeskrivingar knytt til dei praksisbaserte delane av studiet, jfr. kommentar under punkt 4.2.2 a) om forskingsbasert undervisning. Heile utdanninga kan styrkast av at kurset vert flytta til tidligare i studiet slik at det kan bidra til forskingsbasert refleksjon i dei ulike emna i studiet. Resten av studiet er tilfredsstillande bygt opp.

Konklusjon

Nei, studiets innhald og oppbygging er ikkje tilfredsstillande relatert til hovudmåla for studiet slik det er skildra i planen.

- Høgskulen må klargjere korleis praksisperspektivet blir ivareteke i kurset *Vitskapsteori og metode*.

Råd for vidare utvikling:

- Høgskulen bør vurdere å flytte *Vitskapsteori og metode* tidligare i studiet slik at det kan bidra til å styrke forskingsbasert refleksjon i dei ulike emna i studiet.

d. Studiets arbeids- og undervisningsformer skal være egnet til å oppnå læringsutbytte slik det er beskrevet i planen.

Vurdering

I søknaden vert det vist til ei rekke arbeids- og undervisningsformer både på overordna nivå og spesifisert under dei ulike emna. Det vert også løfta fram at institusjonen med denne utdanninga ønskjer å ligge i forskingsfronten når det gjeld undervisning og læring, og at ein legg vekt på undervisningsformer som er i tråd med kva som vert nytta i dei aktuelle skulefaga (s. 12). Vidare vert det framheva at ein legg opp til undervisningsformer som gjer at studenten oppnår det planlagde læringsutbyttet.

Vi saknar likevel ei klar grunngjeving for val av arbeids- og undervisningsformer og kvifor ein meiner desse eignar seg spesielt godt for å oppnå det planlagde læringsutbyttet. Vidare vil vi peike på at det i beskrivinga av forventa arbeidsomfang for studentane (sjå søknaden s. 5-6) til dømes første studieåret legg opp til at studenten nyttar 500 timar som sjølvstudium. Studieplanen (vedlegg 3) som skildrar

innhald og arbeidsformer er sjølvstudium nemnd som eit element i alle fag/kurs, men innhaldet er lite substansielt skildra. Vi saknar at følgjande moment vert klargjort:

- Består sjølvstudiet berre av førebuing og etterarbeid av pensum og oppgåver?
- Er dette studieaktivitet der studenten sjølv vel innhald og arbeidsform eller er det aktivitet som er tilrettelagt av faglærarar? I tilfelle det siste: korleis tenker ein seg ei slik tilrettelegging i praksis?
- Korleis er sjølvstudiet knytt opp mot vurderingsordningane i emna? Skal dette for eksempel knytast opp mot ei mappebasert vurderingsform slik det vert antyda i planen for emnet Norsk?

Konklusjon

Ja, studiets arbeids- og undervisningsformer er eigna til å oppnå læringsutbyttet slik det er skildra i planen.

Råd for vidare utvikling:

- Høgskulen bør gi ei klarare pedagogisk og fagleg grunngeving for val av arbeids- og undervisningsformer, korleis desse er knytt til vurderingsformene og vidare kvifor desse er eigna til å oppnå det ønska læringsutbyttet.

e. Eksamensordningar og andre vurderingsformer skal være egnet til å vurdere i hvilken grad studentene har oppnådd læringsutbyttet

Vurdering

I søknaden går det fram at målet er at vurderingsformene skal stå i samsvar med krava til læringsutbyttet og at det vert lagt opp til individuell, summativ vurdering i alle emne. Vidare vert det vist til at gruppevurdering vert ein viktig del av den formative vurderinga. I oversikta over eksamens- og vurderingsformene vert det vist til ei rekke ulike former for eksamensordningar.

Vi les den grunngevinga som er gitt for val av vurderingsformer som svært generell og lite substansiell. De sakkunnige saknar klare faglege og pedagogiske grunngevingar for dei vala som er gjort for dei ulike emna. Samstundes ønskjer vi ein utdjuping av kvifor dei ulike vurderingsformene er vurdert som spesielt godt eigna til å bidra til godt læringsutbytte. Vi meiner også at vurderingsordninga verkar fragmentarisk og lite heilskapleg, og har vanskar med å sjå ein klar samanheng mellom undervisnings-, arbeids og vurderingsformer. I denne samanhengen bør ein også grunnje bruk av arbeidskrav i dei ulike emna og vurdere om dette kan gjerast noko meir likt i dei ulike emna.

Konklusjon

Nei, det er ikkje gjort god nok greie for korleis eksamens- og vurderingsformane er eigna til å vurdere i kva grad studentane har oppnådd læringsutbyttet, og det manglar grunngeving for dei vala høgskulen har tatt.

- Høgskulen må gi ei klarare pedagogisk og fagleg grunngeving for val av vurderings- og eksamensformer i dei enkelte emna, korleis desse er knytt til arbeids- og undervisningsformene, og vidare kvifor desse er eigna til å oppnå det ønska læringsutbyttet. Her bør ein også grunnje bruk av arbeidskrav i dei ulike emna.

Råd for vidare utvikling:

- Høgskulen bør vurdere å justere eksamens- og vurderingsordninga slik at ho vert meir eins og heilskapleg.

§ 4-2 3. Studiet skal ha tilfredsstillende kopling til forskning, faglig og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid, tilpasset studiets nivå, omfang og egenart.

Vurdering

På s. 17 -21 og i vedlegg 4 dokumenter HiSF at fagmiljøet utfører viktig FoU-arbeid innafør dei sentrale områda i utdanninga; pedagogikk og læringsforskning, norsk, matematikk og idrett. Ei rekke konkrete prosjekt vert presentert, fleire med ekstern finansiering. Av desse kan nemnast:

- ”Med mappe som møteplass” (NFR)
- ”Fysisk aktivitet blant voksne og eldre i Norge” (Helsedirektoratet)
- ”Under stadig utvikling” (Utdanningsdirektoratet)
- ”PIL”-prosjektet 2008-2011 (Kunnskapsdepartementet)

Det vert og vist til at HiSF, i samarbeid med universiteta i Agder og Tromsø i år fekk forskingsmidlar frå NFR/PRAKUT for prosjektet ”Lærande regionar”, der ein mellom anna søker å finne svar på kvifor elevar i Sogn og Fjordane gjer det så godt på nasjonale prøvar.

I tillegg vert det vist til ei rekke samarbeidsprosjekt med andre universitet og høgskular.

Samla sett dokumenterer HiSF tilfredsstillande FoU-kompetanse innafør dei sentrale områda i utdanninga. Vi saknar likevel ei tydeleg beskriving av samspelet mellom FoU-aktivitet og undervisning og læringsaktiviteter, eksempelvis korleis studentane er med i FoU-aktiviteter, og korleis FoU-aktiviteter utviklar lærings- og undervisningsaktiviteter. Vi ser dette som ein del av det å presisere og konkretisere det forskingsbaserte perspektivet.

Konklusjon

Ja, studiet har tilfredsstillande kopling til forskning- og utviklingsarbeid tilpassa studiets eigenart.

Råd for vidare utvikling:

- Høgskulen bør presisere samanhengen mellom FoU-aktiviteten og studiet, og vise konkret korleis studentane skal bli med i denne aktiviteten og korleis aktivitetane beriker undervisnings- og læringsaktiviteten.

§ 4-2 4. Studiet skal ha ordninger for studentutveksling og internasjonalisering relevant for studiets nivå, omfang og egenart.

Vurdering

Avtalar om studentutveksling og internasjonalisering vert skildra i søknaden sidene 21-22 og i vedlegg 5.

Vedlegg 5 inneheld avtaler om samarbeid/utveksling med

- VIA University College, Danmark (student- og lærarutveksling)
- Åbo Akademi, Finland (student- og lærarutveksling)
- University of Sunshine Coast, Australia (studentutveksling)
- Universidade de Lisboa, Portugal (student-, lærar- og forskarutveksling)
- Augustana College, USA (studentutveksling)

Samla sett dokumenterer desse avtalane mulighet for studentutveksling og internasjonalisering innafor utdanningas hovudtema; læring og pedagogikk, norsk, matematikk og idrett.

Konklusjon

Ja, studiet har ordningar for studentutveksling og internasjonalisering relevant for studiets nivå, omfang og eigenart.

Samla konklusjon for § 4-2, Plan for studiet

Nei, kvaliteten er ikkje i samsvar med forventna nivå i høve til gjeldande krav i tilsynsforskrifta.

- Høgskulen må mellom anna gjennom læringsutbyttebeskrivingane og skildringane av arbeids- og undervisningsformer klargjere korleis ein vil operasjonalisere det forskingsbaserte perspektivet i utdanninga. Dette gjeld både på overordna nivå og på emnenivå.
- Høgskulen må klargjere korleis praksisperspektivet blir ivareteke i kurset *Vitskapsteori og metode*.
- Høgskulen må gi ei klarare pedagogisk og fagleg grunngeving for val av vurderings- og eksamensformer i dei enkelte emna, korleis desse er knytt til arbeids- og undervisningsformene og vidare kvifor desse er eigna til å oppnå det ønska læringsutbyttet. Her bør ein også grunnje bruk av arbeidskrav i dei ulike emna.

Råd for vidare utvikling:

- Høgskulen bør klargjere korleis ein skal sikre samanhengen mellom praksis og teoridelen av studiet slik at teorien fargar praksis og praksis fargar teorien.

- Høgskulen bør vurdere å flytte *Vitskapsteori og metode* tidligare i studiet slik at det kan bidra til å styrke forskingsbasert refleksjon i dei ulike emna i studiet.
- Høgskulen bør gi ei klarare pedagogisk og fagleg grunngeving for val av arbeids- og undervisningsformer, korleis desse er knytt til vurderingsformene, og vidare kvifor desse er eigna til å oppnå det ønska læringsutbyttet.
- Høgskulen bør vurdere å justere eksamens- og vurderingsordninga slik at ho vert meir eins og heilskapleg.
- Høgskulen bør presisere samanhengen mellom FoU-aktiviteten og studiet, og vise konkret korleis studentane skal bli med i denne aktiviteten og korleis aktivitetane beriker undervisnings- og læringsaktiviteten.

4.3 Fagmiljø knytt til studiet

§ 4-3 1. Fagmiljøets sammensetning, størrelse og samlede kompetanse skal være tilpasset studiet slik det er beskrevet i plan for studiet og samtidig tilstrekkelig for å ivareta den forskning og det faglige eller kunstneriske utviklingsarbeidet som utføres.

Vurdering

Samansettinga av fagmiljøet er skildra på sidene 22-24 i søknaden. Det vert her vist til eit fagmiljø der alle deler av utdanninga er dekkja med fagpersonar som kan dokumentere solid kunnskap innafør sine fagområde.

Det er minst to fagpersonar knytt til alle dei sentrale områda i utdanninga, noko som gir grunnlag for fagleg sparring, ulikskap og robusthet ved sjukdom eller ekstern aktivitet. Alle personar som er knytt til studiet vil kunne rettleie på masteroppgåver, og det er gjort systematisk arbeid ved institusjonen for å utvikle rettleiingskompetanse blant fagpersonalet.

Både samansetting, størrelse og kompetanse i fagmiljøet er slik sett godt tilpassa studiet.

Konklusjon

Ja, fagmiljøets samansetting, størrelse og samla kompetanse er godt tilpassa studiet slik det er skildra i planen og det faglege arbeidet som skal utførast.

§ 4-3 2. Minst 50 prosent av årsverkene knyttet til studiet skal utgjøres av tilsatte i hovedstilling ved institusjonen. Av disse skal det være personer med minst førstestillingskompetanse i de sentrale delene av studiet.

For de ulike sykler gjelder i tillegg:

- b. For andre syklus skal minst 10 prosent av det samlede fagmiljøet være professorer eller dosenter og ytterligere 40 prosent være ansatte med førstestillingskompetanse.**

Vurdering

Det er gitt eit oversyn over tilsette knytt til utdanninga på side 24 samt vedlegg 9. Samla sett er det knytt 3,2 årsverk til utdanninga (vedlegg 9, tabell 3), alle med minst førstestillingskompetanse. Av desse utgjer berre 0,2 årsverk ikkje-fast tilsette. Eitt årsverk vert dekkja av tilsette med dosentkompetanse.

Utdanninga oppfyller dermed følgjande normer (tall i parentes er det aktuelle prosenttalet for fagmiljøet):

- at minst 50 prosent av årsverka skal utgjerast av tilsette med hovudstilling ved institusjonen (fagmiljøet har rundt 88 %)
- at dei sentrale delane av studiet skal bemannast med personar med minst førstestillingskompetanse (fagmiljøet har 100 %)
- at minst 10 % av det samla fagmiljøet skal vere professorar eller dosentar (fagmiljøet har rundt 30 %)
- at ytterlegare 40 % skal være tilsette med førstestillingskompetanse (i fagmiljøet er totalt 100 % førstestillingskompetent eller professor/dosent)

Konklusjon

Ja, det er godt gjort at tilsette i hovudstilling ved institusjonen utgjer minst 50 prosent av årsverka knytt til studiet, at dei sentrale delane av studiet er bemanna med minst førstestillingskompetanse, at minst 10 % av det samla fagmiljøet har professor/dosentkompetanse og at ytterlegare minst 40 % er tilsette med førstestillingskompetanse.

§ 4-3 3. Fagmiljøet skal drive aktiv forskning, faglig- og eller kunstnerisk utviklingsarbeid.

For de ulike sykler gjelder i tillegg:

- b. For andre syklus skal fagmiljøet ha dokumenterte resultater på høyt nivå.**

Vurdering

FoU-kompetansen til fagmiljøet er skildra i søknaden på sidene 24-26 samt vedlegg 6a (CV for kjernegruppa), vedlegg 6b (tilsette utanom kjernegruppa) og dessutan vedlegg 7 (publikasjonslister siste tre-fem år).

Institusjonen viser til eit spanande fagmiljø der dei sentrale personane har FoU-kompetanse og erfaring på dei sentrale områda i utdanninga. Publikasjonslistene viser til både vitenskaplege artiklar, forskingsrapportar, bidrag i antologiar og lærebøker samt doktorgradsavhandlingar. Det varierer noko

når det gjeld kva typar publikasjonar dei ulike fagpersonane har å vise til. Nokre har primært produsert FoU-rapportar mens andre kan vise til publikasjonar av høg internasjonal standard. Fagpersonane i kjernegruppa har i det siste publisert seks artiklar i internasjonale tidsskrift.

Med unntak av 2010 viser publikasjonsoversikta ein stigande tendens, og fagmiljøet vert oppfordra til å legge stor vekt på å føre denne vidare for å oppnå og oppretthalde eit publikasjonsnivå som svarer til talet på fagtilsette.

Publikasjonen av vitsskapelege artiklar er tilfredsstillande, men ikkje særleg høg. Vi oppfordrar høgskulen til å leggje til rette for at den stigande utviklinga i FoU held fram ved å sikre gode rammer for FoU.

Konklusjon

Ja, samla sett kan fagmiljøet vise til både forskingsomfang, kvalitet og brukarorientering.

Råd for vidare utvikling:

- Høgskulen bør leggje til rette for at den stigande utviklinga i FoU held fram ved å sikre gode rammer for FoU.

§ 4-3 4. Fagmiljøet skal delta aktivt i nasjonalt og internasjonalt samarbeid og nettverk relevant for studiet.

Vurdering

Fagmiljøets faglege nettverk vert skildra i søknaden på sidene 27-30, der det kjem fram at fagmiljøet inngår i både nasjonale og internasjonale nettverk. Det FoU-arbeidet som er lagt ved viser også korleis fagmiljøet samarbeider med andre institusjonar, både universitet og høgskular. Dette samarbeidet omfattar ulike tema, som for eksempel skuleutvikling, rettleiing av nyutdanna lærarar, forskarutdanning, høgskule- og universitetspedagogikk, og skuleleiing.

Det internasjonale samarbeidet er retta mot samarbeidspartnarar i fleire land i Skandinavia, Europa (Tyskland, Austerrike og England).

Sett i samanheng med fagmiljøets størrelse er det her snakk om eit ganske stort og fagleg sterkt nettverk.

Konklusjon

Ja, høgskulen dokumenterer at fagmiljøet deltek aktivt i nasjonale og internasjonale nettverk som er relevante for utdanninga.

§ 4-3 5. For studier med praksis skal fagmiljøet og eksterne praksisveiledere ha hensiktsmessig erfaring fra praksisfeltet.

Vurdering

Dette forholdet vert skildra på sidene 30-31 i søknaden samt i vedlegg 9, tabell 3.

Fagmiljøet har lang erfaring med rettleiing i praksis. Dette kjem også fram i vedlegg 2, praksisavtaler, der det vert gitt ei grundig og systematisk skildring av rettleiing i praksisopplæringa, inkludert systematisk bruk av rettleiingsverktøy.

Institusjonen har lagt opp til samarbeid med eit tal faste praksisskular, og dette er gjort på ein systematisk måte for slik å sikre kvalitet i form og innhald. I tillegg viser høgskulen at dei arbeider systematisk med å utvikle rettleiingskompetanse internt.

Konklusjon

Ja, høgskulen arbeider systematisk med å utvikle rettleiingskompetanse og har gode avtaler med praksisskular, noko som sikrar kvalitet i rettleiinga.

Samla konklusjon for § 4-3 Fagmiljø knytt til studiet

Ja, kvaliteten er i samsvar med forventa nivå i høve til gjeldande krav i tilsynsforskrifta.

Råd for vidare utvikling:

- Høgskulen bør leggje til rette for at den stigande utviklinga i FoU held fram ved å sikre gode rammer for FoU.

4.4 Støttefunksjonar og infrastruktur

§ 4-4 1. Institusjonen skal ha lokaler, bibliotektenester, administrative og tekniske tenester, IKT-ressurser og arbeidsforhold for studentene som er tilpasset antall studenter og studiet slik det er beskrevet i plan for studiet.

Vurdering

Institusjonen har i alt 3500 studentar, noko som gir eit godt grunnlag for breidde og kvalitet i støttefunksjonar og infrastruktur.

Institusjonen har to faste studiestader (Sogndal og Førde). Begge lokalitetane har fasilitetar til undervisning (auditorium, klasserom) og studentsentrert arbeid (grupperom, læringscenter osv). Dessutan er det gode bibliotekfasilitetar knytt til læringssentra.

Der er trådløst internett i alle lokaler og institusjonen har eit IT-team som støttar drifta av ulike IT-funksjonar.

Samla sett synes høgskulen å ha særst gode rammer for eit mastergradstudium.

Konklusjon

Ja, høgskulen har gode støttefunksjonar og infrastruktur som er dekkande for behovet i utdanninga.

5 Institusjonens kommentar

Punkt 4.1.2

HiSF tek bort opptak med utgangspunkt i Rammeplan for PPU, pkt. 2.2 Punkt 4.1.3 Dagens studium i samarbeid med Universitet i Bergen blir lagt ned når det omsøkte studiet blir realisert. HiSF reknar med god rekruttering til studiet av eigne studentar og gjennom marknadsføring av studiet på Vestlandet. Punkt 4.1.5 Ein GLU-student ved HiSF skal ha ti dagar praksis knytt til fordjupingsfag i 4.studieår. Det er ikkje lagt opp til eigen praksis for studentar med fullført lærarutdanning som er tatt opp til masterutdanninga. Desse gjennomfører eit praksisrelatert arbeidskrav som ligg i fagfordjupinga i 1.studieår. Høgskulen legg til rette for kontakt med aktuelle skular. Kunnskap og erfaringar frå gjennomført praksis/praksisrelatert arbeidskrav vert knytt til faglege og fagdidaktiske problemstillingar gjennom heile studiet. Arbeidskravet i emnet X7 Vitskapsteori og metode (jf. punkt 4.2.2 c) gir studentane praktisk øving i bruk av forskingsmetodiske instrument.

Punkt 4.2.1

HiSF har vurdert forslaget om namnet Master i grunnskolelærutdanning, som er eit godt alternativ. Vi ønskjer likevel å halde på namnet Master i læring og undervisning, sidan namnet er innarbeidd. Vi meiner at namnet reflekterer innhaldet i studiet, og viser særleg til fellesemna X1 Læring i klasserommet og X2 Leiing av pedagogisk verksemd.

Punkt 4.2.2 a

Vi har endra læringsutbytte i emneplanane X1, X2, X4, X5 og X7. Dei er no betre tilpassa formuleringane til dei overordna læringsutbyttane i studieplanen, og skal samla sett bidra til nytenking og utviklingsarbeid. Endringar i emneplanane - læringsutbytte:

X1 - Læring i klasserommet:

- *ha inngåande kunnskap om empirisk og evidensbasert klasseromsforskning (nytt)*
- *kunne innhente systematisk kunnskap om læring og undervisning i klasserommet (nytt)*

X2 – Leiing av pedagogisk verksemd

- *kunne leie arbeid med kvalitetsvurdering og kvalitetsutviklingsarbeid med utgangspunkt i forskingsbasert kunnskap om læreplanforståing og teori om systemisk tenking (revidert)*
- *kunne analysere og vidareutvikle pedagogiske utviklingsprosessar og praksisnære problemstillingar ut frå teori og forskingsbasert kunnskap (revidert)*
- *kunne analysere samspelsdynamikkar i lærargrupper, elevgrupper og mellom elevar og lærarar ut frå kunnskap om teoretiske og empiriske studiar knytt til klasseleiing og skulen som organisasjon (revidert)*

X4 - Undervisning, vurdering og læring i kroppsøving

- *ha inngåande forskingsbasert kunnskap om rørsle og ferdigheit (revidert)*

- *ha inngående kunnskapar og kjennskap til forskning om forholdet mellom kroppsleg læring og fysisk aktivitet og helse i skulen (revidert)*
- *ha inngående kunnskap om forskning innan læring og undervisning i kroppsøving (nytt)*

X5 - Læring i idrett, kroppsøving og friluftsliv.

- *ha inngående forskingsbasert kunnskap om forholdet mellom undervisning og læring, og på bakgrunn av dette kunne bruke fagdidaktisk kunnskap i konkrete læringsituasjonar som trenar eller lærar (revidert)*
- *ha inngående kunnskap om forskning innan læring og ferdigheitsutvikling i idrett og friluftsliv (nytt)*

X7 - Vitskapsteori og metode

- *kunne kritisk vurdere og drøfte ulike vitskapsteoretiske retningar og syn (nytt)*
- *kunne analysere og vurdere relevans i vitskaplege artiklar (nytt)*
- *kunne utarbeide og grunngje design for eit forskingsprosjekt (revidert)*
- *kunne presentere og utvikle metodiske tilnærmingar på bakgrunn av tilbakemeldingar frå medstudentar og faglærarar (nytt)*
- *kunne bruke ulike kvantitative og kvalitative analyseverktøy, som til dømes statistikkprogramvare, tekstanalysemetodar, intervju og observasjon (nytt)*

Kulepunktta ovanfor erstattar kulepunktta 3, 5, 6 og 7 i tidlegare innsendt emneplan.

Punkt 4.2.2 b

Vi legg inn følgjande setning under Undervisnings- og læringsformer i studieplanen:

Målet er at undervisnings- og læringsformene skal styrke studenten si evne til å planlegge og gjennomføre utvikling av fag og undervisning på eigen arbeidsplass, både som leiar av det som føregår i klasserommet og som pedagogisk leiar i kollegiet sitt.

Punkt 4.2.2 c

Emnet X7 Vitskapsteori og metode er flytta frå haust 2. studieår, til vår 1. studieår for gjere studentane tidlegare kjend med forskingsbasert refleksjon. I tillegg er det innført eit nytt arbeidskrav i emnet for å styrke praksisperspektivet i utdanninga:

Studenten skal gjennomføre ei pilotutprøving av minst eitt kvantitativt og eitt kvalitativt metodeinstrument. Resultatet av dette legg studenten munnleg (med støtte av presentasjonsverktøy) fram for resten av studentgruppa (og fagleg ansvarleg for arbeidskravet), til diskusjon og refleksjon.

Emnet X 2 – Leiing av pedagogisk verksemd vert flytta til haust 2. studieåret.

Punkt 4.2.2 d

Vi har lagt inn følgjande setning under Undervisnings- og læringsformer i studieplanen:

Undervisnings- og læringsformene skal gje studentane kunnskap om kva det vil seie å arbeide forskingsbasert og ferdigheiter knytt til dette. Undervisnings- og læringsformene i emna er endra for å gi studentane øving i bruk av forskingsmetode, akademisk skriving og formidling. Døme:

X1- Læring i klasserommet: (...) Ei gjennomgåande arbeidsform er skriving av større og mindre akademiske fagtekstar, med tilhøyrande studentrespons. *Til grunn for desse tekstane skal det ligge føre systematisk innsamling av data frå praksisfeltet. (revidert)*

X2 - Leiing av pedagogisk verksemd - Arbeidskrav:

Det skal utarbeidast to refleksjonsnotat mellom to av samlingane (600-800 teikn). Refleksjonsnotata skal vere knytt til tema på samlingane og vise i kva grad denne kunnskapen kan medverke til auka forståing for leiing av utviklingsprosessar. (nytt)

X 7 - Vitskapsteori og metode, sjå pkt. 4.2.2 c om nytt arbeidskrav.

Punkt 4.2.2 e

Ny formulering under Sluttvurdering i studieplanen er teken inn for å styrke samsvaret mellom læringsutbytte og vurderingsformer:

Formuleringar om læringsutbytte i emneplanane er uttrykk for ulike kompetansar som skal reflekterast i sluttvurderingar, både innhaldsmessig og i vurderingsformene. Arbeids- og vurderingsmåtar i dei ulike emna skal gje studentane kunnskap om kva det vil seie å arbeide forskingsbasert og om ferdigheiter knytt til dette. Sluttvurderingar i emna skal vere ein sentral del av læringsprosessane fram mot masteroppgåva (nytt).

Sluttvurderingane er endra i fleire emne for at studenten får vise korleis han meistrar bruk av forskingsmetode, akademisk skriving og formidling. Døme:

X1- Læring i klasserommet:

Munnleg, individuell eksamen. Presentasjon av oppgjeve tema knytt til individuelt arbeidskrav. (ny)

X 2 - Leiing av pedagogisk verksemd:

Individuell skriftleg oppgåve som handlar om utviklingsprosessar i skulen. Omfang; maks 12 sider. (ny)

X 7- Vitskapsteori og metode:

Individuell skriftleg oppgåve (vektning 30%). Litteraturstudie knytt til eige fagfelt. Eit utval på ti artiklar (nasjonale og internasjonale) som utgjer ein review av sentrale kjelder til eige framtidig masteroppgåveprosjekt. (ny)

Individuell skriftleg heimeeksamen, 10 dagar (vektning 70 %). (ny)

Punkt 4.2.3

Vi vil ha ein presentasjon av FoU-aktivitet og prosjekt knytt til fagmiljøa tidleg i studiet. Målet er å involvere studentane i eksisterande og framtidige forskings- og utviklingsarbeid. Følgjande formulering er lagt inn i studieplanen under undervisnings- og læringsformer: *Studentane vil verte trekte inn i FoU-arbeidet både gjennom deltaking i utviklingsarbeid/forskningsprosjekt og gjennom vitenskapleg/fagleg publisering.* (nytt)

6 Sakkunnig tilleggsvurdering

Som NOKUT sine sakkunnige for søknaden ga vi 24. august 2012 ei vurdering, der vi konkluderte med ikkje å tilrå akkreditering av studiet, fordi fleire av kriteria i tilsynsforskrifta ikkje var tilfredsstillande oppfylte. Etter at søkjarinstitusjonen deretter kom med sine kommentarar til vurderinga vår, vart vi førespurde om å gi ei tilleggsvurdering, basert på desse kommentarane. Nedafor har vi i tur og orden tatt for oss dei underkjende kriteria. Først refererer vi den opphavlege konklusjonen med tilhøyrande MÅ- punkt. Deretter kjem vi med ei ny vurdering og ny konklusjon. Vi har også valt å kommentere institusjonen sine svar på BØR-punkta i vurderinga.

4.1.2 Krav i rammeplaner og aktuelle forskrifter fra Kunnskapsdepartementet skal være fylt

Vår opphavlege konklusjon:

Nei, høgskulen si utgreiing er ikkje tilfredsstillande.

- Studiet kan ikkje rekruttere studentar med utgangspunkt i Rammeplanen for PPU, pkt.2.2 da institusjonen ikkje tilbyr eit integrert femårig løp. Dette må takast ut av planen.

Ny vurdering på bakgrunn av institusjonen sine kommentarar:

HiSF har gjort følgjande endringar: ”HiSF tek bort opptak med utgangspunkt i Rammeplan for PPU, pkt. 2.2”.

Konklusjon etter tilleggsvurderinga:

Ja, høgskulen si utgreiing er tilfredsstillande.

4.1.3 Det skal redegjøres for forventet studentrekruttering i forhold til å etablere og opprettholde et tilfredsstillende læringsmiljø og i forhold til stabilitet i studiet.

Vår opphavlege konklusjon:

Nei, høgskulen si utgreiing er ikkje tilfredsstillande.

- Høgskulen må klargjere forholdet til den eksisterande masterutdanninga i undervisning og læring. Dei må også gjere greie for i kva grad desse utdanningane konkurrerer om studentgrunnlaget, og vidare at det er eit reelt behov for denne utdanninga i regionen.

Ny vurdering på bakgrunn av institusjonen sine kommentarar:

HiSF har kommentert dette på følgjande måte: ”Dagens studium i samarbeid med Universitet i Bergen blir lagt ned når det omsøkte studiet blir realisert. HiSF reknar med god rekruttering til studiet av eigne studentar og gjennom marknadsføring av studiet på Vestlandet.”

I sin kommentar gjer HISF greie for at den nye masterutdanninga i læring og undervisning skal ta over etter den utdanninga som HISF no driv i samarbeid med UIB. Dei synleggjer også ei positiv tru på god studentrekruttering og signaliserer at det vil bli sett i verk marknadsføring av studiet på Vestlandet.

Konklusjon etter tilleggsvurderinga:

Ja, høgskulen si utgreiing er tilfredsstillande.

4.1.5 Der deler av studiet foregår utenfor den institusjonen som utsteder vitnemål, skal det foreligge tilfredsstillende avtaler som regulerer vesentlige forhold av betydning for studentene

Vår opphavlege konklusjon:

Nei, høgskulen si utgreiing er ikkje tilfredsstillande.

- Høgskulen må klargjere korleis ein vil legge opp innhaldet i praksisopplæringa slik at ein sikrar relevans til masterutdanninga og eit godt og utviklingsorientert samspel mellom denne og teoridelen i utdanninga. Høgskulen må nedfelle/tydeliggjere dette i praksisavtalane med institusjonane.

Ny vurdering på bakgrunn av institusjonen sine kommentarar:

I sin kommentar skriv HISF følgjande: ”Ein GLU-student ved HiSF skal ha ti dagar praksis knytt til fordjupingsfag i 4.studieår. Det er ikkje lagt opp til eigen praksis for studentar med fullført lærarutdanning som er tatt opp til masterutdanninga. Desse gjennomfører eit praksisrelatert arbeidskrav som ligg i fagfordjupinga i 1.studieår. Høgskulen legg til rette for kontakt med aktuelle skular. Kunnskap og erfaringar frå gjennomført praksis/praksisrelatert arbeidskrav vert knytt til faglege og fagdidaktiske problemstillingar gjennom heile studiet. Arbeidskravet i emnet X7 Vitskapsteori og metode (jf. punkt 4.2.2 c) gir studentane praktisk øving i bruk av forskingsmetodiske instrument.”

Komiteen vurderer det slik at relevansen til masterstudiet, spesielt det forskingsbaserte perspektivet, vert godt sikra ved at ein koplær arbeidskrav i emnet Vitenskapsteori og metode til praksis. Komiteen føreset her at gode vilkår for dette vert sikra gjennom formuleringar i avtalane med praksisinstitusjonane.

Konklusjon etter tilleggsvurderinga:

Ja, høgskulen si utgreiing er tilfredsstillande.

4.2.2 Studiet skal beskrives med utgangspunkt i læringsutbyttebeskrivelsen:

4.2.2 a Læringsutbyttet skal være beskrevet som det en kandidat skal ha oppnådd ved fullført utdanning i form av kunnskaper, ferdigheter og generell kompetanse i samsvar med nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.

Vår opphavlege konklusjon:

Nei, høgskulen si utgreiing er ikkje tilfredsstillande.

- Høgskulen må mellom anna gjennom læringsutbyttebeskrivingane og skildringane av arbeids- og undervisningsformer klargjere korleis ein vil operasjonalisere det forskingsbaserte perspektivet i utdanninga. Dette gjeld både på overordna nivå og på emnenivå.
- Søker må tydeliggjøre i læringsutbyttet at studentene etter endt utdanning. Dette gjeld både på overordna nivå og på emnenivå.

Ny vurdering på bakgrunn av institusjonen sine kommentarar:

HiSF har gjort følgjande endringar som vert sett i samanheng i den reviderte studieplanen:

X1 - Læring i klasserommet:

- *ha inngåande kunnskap om empirisk og evidensbasert klasseromsforskning (nytt)*
- *kunne innhente systematisk kunnskap om læring og undervisning i klasserommet (nytt)*

X2 – Leiing av pedagogisk verksemd

- *kunne leie arbeid med kvalitetsvurdering og kvalitetsutviklingsarbeid med utgangspunkt i forskingsbasert kunnskap om læreplanforståing og teori om systemisk tenking (revidert)*
- *kunne analysere og vidareutvikle pedagogiske utviklingsprosessar og praksisnære problemstillingar ut frå teori og forskingsbasert kunnskap (revidert)*
- *kunne analysere samspelsdynamikkar i lærargrupper, elevgrupper og mellom elevar og lærarar ut frå kunnskap om teoretiske og empiriske studiar knytt til klasseleiing og skulen som organisasjon (revidert)*

X4 - Undervisning, vurdering og læring i kroppsøving

- *ha inngåande forskingsbasert kunnskap om rørsle og ferdigheit (revidert)*
- *ha inngåande kunnskapar og kjennskap til forskning om forholdet mellom kroppsleg læring og fysisk aktivitet og helse i skulen (revidert)*
- *ha inngåande kunnskap om forskning innan læring og undervisning i kroppsøving (nytt)*

X5 - Læring i idrett, kroppsøving og friluftsliv.

- ha inngåande forskingsbasert kunnskap om forholdet mellom undervisning og læring, og på bakgrunn av dette kunne bruke fagdidaktisk kunnskap i konkrete lærings situasjonar som trenar eller lærar (revidert)

- ha inngåande kunnskap om forskning innan læring og ferdigheitsutvikling i idrett og friluftsliv (nytt)

X7 - Vitskapsteori og metode

- kunne kritisk vurdere og drøfte ulike vitskapsteoretiske retningar og syn (nytt)

- kunne analysere og vurdere relevans i vitskaplege artiklar (nytt)

- kunne utarbeide og grunngje design for eit forskingsprosjekt (revidert)

- kunne presentere og utvikle metodiske tilnærmingar på bakgrunn av tilbakemeldingar frå medstudentar og faglærarar (nytt)

- kunne bruke ulike kvantitative og kvalitative analyseverktøy, som til dømes statistikkprogramvare, tekstanalysemetodar, intervju og observasjon (nytt)

På bakgrunn av dei endringane som er gjort i studieplanen vurderer komiteen at

- søkerinstutisjonen har arbeidd systematisk med målbeskrivingane, og at alle dei foreslåtte endringane representerer klare forbetringar. Spesielt gjeld dette det som er knytt til vitskapsteori og metode, som vi var spesielt kritiske i høve til.

- det forskingsbaserte perspektivet no tydeleg pregar heile studieplanen.

- når det gjeld pkt 4.2.2.A, x4, skriv HiSF: ”ha inngåande kunnskapar og kjennskap til..” Komiteen reknar med at det er ein skrivefeil her. Det skal nok stå: «ha inngåande kunnskapar om ..»

Konklusjon etter tilleggsvurderinga:

Ja, høgskulen si utgreiing er tilfredsstillande.

4.2.2.b Studiets relevans for arbeidsliv og/eller vidare studier skal være tydelig

Vår opphavlege konklusjon:

Ja, studiets relevans for arbeidsliv og/eller vidare studiar er tydelig.

Råd for vidare utvikling:

- Høgskulen bør klargjere korleis ein skal sikre samanhengen mellom praksis og teoridelen av studiet slik at teorien fargar praksis og praksis fargar teorien.

Ny vurdering på bakgrunn av institusjonen sine kommentarar:

I den reviderte studieplan er koplinga til praksis og forskingsbasert utvikling tydeleggjort slik at det no klart går fram av planen kva utdanninga kan tilføre praksis og vice versa.

Konklusjon etter tilleggsvurderinga:

Ja, høgskulen si utgreiing er tilfredsstillande.

4.2.2 c Studiets innhold og oppbygging skal tilfredsstillende relateres til læringsutbyttet slik det er beskrevet i planen

Vår opphavlege konklusjon:

Nei, studiets innhold og oppbygging er ikkje tilfredsstillande relatert til hovudmåla for studiet slik det er skildra i planen.

- Høgskulen må klargjere korleis praksisperspektivet blir ivareteke i kurset Vitskapsteori og metode.

Ny vurdering på bakgrunn av institusjonen sine kommentarar:

I sine kommentarar skriv HiSF: "I den reviderte studieplan er Emnet X7 Vitskapsteori og metode flytta frå haust 2. studieår, til vår 1. studieår for gjere studentane tidlegare kjend med forskingsbasert refleksjon. I tillegg er det innført eit nytt arbeidskrav i emnet for å styrke praksisperspektivet i utdanninga:

«Studenten skal gjennomføre ei pilotutprøving av minst eitt kvantitativt og eitt kvalitativt metodeinstrument. Resultatet av dette legg studenten munnleg (med støtte av presentasjonsverktøy) fram for resten av studentgruppa»

Komiteen vurderer det slik at praksisperspektivet i faget blir ivareteke på ein mykje tydelegere måte i den reviderte studieplanen. Komiteen støttar også valet av å flytte kurset frå haust 2. studieåret til første studieåret då dette vil kunne styrke forskingsbasert refleksjon i dei ulike emna i studiet.

Konklusjon etter tilleggsvurderinga:

Ja, høgskulen si utgreiing er tilfredsstillande.

4.2.2 d Studiets arbeids- og undervisningsformer skal være egnet til å oppnå læringsutbytte slik det er beskrevet i planen

Vår opphavlege konklusjon:

Ja, studiets arbeids- og undervisningsformer er eigna til å oppnå læringsutbyttet slik det er skildra i planen.

Råd for vidare utvikling:

- Høgskulen bør gi ei klarare pedagogisk og fagleg grunngeving for val av arbeids- og undervisningsformer, korleis desse er knytt til vurderingsformene og vidare kvifor desse er eigna til å oppnå det ønska læringsutbyttet.

Ny vurdering på bakgrunn av institusjonen sine kommentarar:

HiSF har i den reviderte studieplan føreteke følgjande endringar: Vi har lagt inn følgjande setning under Undervisnings- og læringsformer i studieplanen: *Undervisnings- og læringsformene skal gje studentane kunnskap om kva det vil seie å arbeide forskingsbasert og ferdigheiter knytt til dette.* Undervisnings- og læringsformene i emna er endra for å gi studentane øving i bruk av forskingsmetode, akademisk skrivning og formidling. Døme:

X1- Læring i klasserommet: (...) Ei gjennomgåande arbeidsform er skrivning av større og mindre akademiske fagtekstar, med tilhøyrande studentrespons. *Til grunn for desse tekstane skal det liggje føre systematisk innsamling av data frå praksisfeltet. (revidert)*

X2 - Leiing av pedagogisk verksemd - Arbeidskrav: *Det skal utarbeidast to refleksjonsnotat mellom to av samlingane (600-800 teikn). Refleksjonsnotata skal vere knytt til tema på samlingane og vise i kva grad denne kunnskapen kan medverke til auka forståing for leiing av utviklingsprosessar. (nytt)*

X 7 - Vitskapsteori og metode, sjå pkt. 4.2.2 c om nytt arbeidskrav.

Konklusjon etter tilleggsvurderinga:

Komiteen vurderer at denne justeringa bidreg til å svare på vår tilråding på ein god måte.

4.2.2.e Eksamensordninger og andre vurderingsformer skal være egnet til å vurdere i hvilken grad studentene har oppnådd læringsutbyttet

Vår opphavlege konklusjon:

Nei, det er ikkje gjort god nok greie for korleis eksamens- og vurderingsformane er eigna til å vurdere i kva grad studentane har oppnådd læringsutbyttet, og det manglar grunngeving for dei vala høgskulen har tatt.

- Høgskulen må gi ei klarare pedagogisk og fagleg grunngeving for val av vurderings- og eksamensformer i dei enkelte emna, korleis desse er knytt til arbeids- og undervisningsformene, og vidare kvifor desse er eigna til å oppnå det ønska læringsutbyttet. Her bør ein også grunnje bruk av arbeidskrav i dei ulike emna.

Råd for vidare utvikling:

- Høgskulen bør vurdere å justere eksamens- og vurderingsordninga slik at ho vert meir eins og heilskapleg.

Ny vurdering på bakgrunn av institusjonen sine kommentarar:

HiSF svarer på denne kritikken på følgjande måte: ”Ny formulering under Sluttvurdering i studieplanen er teken inn for å styrke samsvaret mellom læringsutbytte og vurderingsformer:

Formuleringar om læringsutbytte i emneplanane er uttrykk for ulike kompetansar som skal reflekterast i sluttvurderingar, både innhaldsmessig og i vurderingsformene. Arbeids- og vurderingsmåtar i dei ulike emna skal gje studentane kunnskap om kva det vil seie å arbeide forskingsbasert og om ferdigheiter knytt til dette. Sluttvurderingar i emna skal vere ein sentral del av læringsprosessane fram mot masteroppgåva (nytt).

Sluttvurderingane er endra i fleire emne for at studenten får vise korleis han meistrar bruk av forskingsmetode, akademisk skriving og formidling. Døme:

X1- Læring i klasserommet:

Munnleg, individuell eksamen. Presentasjon av oppgjeve tema knytt til individuelt arbeidskrav. (ny)

X 2 - Leiing av pedagogisk verksemd:

- Individuell skriftleg oppgåve som handlar om utviklingsprosessar i skulen. Omfang; maks 12 sider. (ny)

X 7- Vitskapsteori og metode:

- Individuell skriftleg oppgåve (veking 30%). Litteraturstudie knytt til eige fagfelt. Eit utval på ti artiklar (nasjonale og internasjonale) som utgjer ein review av sentrale kjelder til eige framtidig masteroppgåveprosjekt. (ny)

- Individuell skriftleg heimeeksamen, 10 dagar (veking 70 %). (ny)

Komiteen vurderer at utgreiinga svarer godt på kritikk-punkta og at krava er oppfylt. Komiteen vil likevel gje det rådet at HISF vurderer å innføre ei meir heilskapleg vurderingsform for heile studiet. Dette først og fremst for at studenten skal kunne danne seg eit heilskapleg inntrykk av eiga faglege og personlege utvikling gjennom studiet. Ein måte å gjere dette på er å bruke ei mappebasert vurderingsform der det inngår arbeidskrav frå alle emna i tillegg til meir refleksjonsbaserte tekstar der studenten reflekterer over eiga læring og utvikling.

Konklusjon etter tilleggsvurderinga:

Ja, høgskulen si utgreiing er tilfredsstillande.

4.2.3 Studiet skal ha tilfredsstillende kopling til forskning, faglig og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid, tilpasset studiets nivå, omfang og egenart.

Vår opphavlege konklusjon:

Ja, studiet har tilfredsstillande kopling til forskning- og utviklingsarbeid tilpassa studiets eigenart.

Råd for vidare utvikling:

- Høgskulen bør presisere samanhangen mellom FOU-aktiviteten og studiet, og vise konkret korleis studentane skal bli med i denne aktiviteten og korleis aktivitetane beriker undervisnings- og læringsaktiviteten.

Ny vurdering på bakgrunn av institusjonen sine kommentarar:

I den reviderte studieplanen tilføyer HiSF: ”Vi vil ha ein presentasjon av fou-aktivitet og prosjekt knytt til fagmiljøa tidleg i studiet. Målet er å involvere studentane i eksisterande og framtidige forskings- og utviklingsarbeid. Følgjande formulering er lagt inn i studieplanen under undervisnings- og læringsformer: «*Studentane vil verte trekte inn i fou-arbeidet både gjennom deltaking i utviklingsarbeid/forskningsprosjekt og gjennom vitenskapleg/fagleg publisering*».

Komiteen ser på dette som eit nyttig tiltak.

Konklusjon etter tilleggsvurderinga:

Ja, høgskulen si utgreiing er tilfredsstillande og bidreg til å svare på vår tilråding på ein god måte.

Oppsummering

Ny vurdering på bakgrunn av institusjonen sine kommentarar:

På grunnlag av institusjonen sine kommentarar og ny revidert studieplan vurderer komiteen:

- at HiSF har arbeidd godt med målbeskrivingane, og at spesielt planen for vitenskapsteori og metode, som vi var spesielt kritiske i høve til, er klart forbetra.
- at det forskingsbaserte perspektivet no tydeleg pregar heile studieplanen og at koplinga til praksis og forskingsbasert utvikling er blitt tydeleg.
- at HiSF har konkretisert læringsutbyttebeskrivingane og at det også no vert nytta fleire kjelder for vurderinga.

- at HISF kan vurdere å bruke ei mappebasert vurderingsform som omfattar heile studiet slik at studentar og fagmiljøet kan danne seg eit heilskapleg inntrykk av studentane si faglege og personlege utvikling gjennom utdanninga.

Hovudkonklusjon etter tilleggsvurderinga

Etter å ha vurdert den reviderte studieplanen og søkjarinstitusjonen sine kommentarar til vår opphavlege vurdering, meiner vi no at alle kriteri i tilsynsforskrifta er tilfredsstillande oppfylt. Vi vil på dette grunnlaget tilrå at mastergradsstudiet i læring og undervisning ved Høgskulen i Sogn og Fjordane vert akkreditert.

7 Vedtak

Vedtak om akkreditering av mastergradsstudium i læring og undervisning (120 studiepoeng).

Høgskulen i Sogn og Fjordane søkte 15. mars 2012 om akkreditering av disiplinbasert mastergradsstudium i læring og undervisning (120 studiepoeng). Dei sakkunnige ga si vurdering 24. august 2012, og deretter tilleggsvurdering 21. september 2012.

NOKUT vurderer at vilkåra i NOKUT si forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høgre utdanning av 27. januar 2011 nå er fylt, og at mastergradsstudium i læring og undervisning (120 studiepoeng) ved Høgskulen i Sogn og Fjordane vert akkreditert. Akkrediteringa er gyldig frå vedtaksdato.

NOKUT har som føresetnad at Høgskulen i Sogn og Fjordane fyller dei til ein kvar tid gjeldande krav for akkreditering. I tillegg forventast at høgskulen vurderer dei sakkunnige sine merknadar og tilrådingar i det vidare arbeidet med utvikling av studiet.

For mastergradsstudium som NOKUT akkrediterer, må institusjonen sjølv søkje Kunnskapsdepartementet om rett til å etablere studiet.

8 Dokumentasjon

- 12/248-1 Høgskulen i Sogn og Fjordane - søknad om akkreditering av master i læring og undervisning, 14. mars 2012.
- 12/248-10 Kommentarer til sakkyndig vurdering - Høgskulen i Sogn og Fjordane - søknad om akkreditering av master i læring og undervisning, 17. september 2012.